

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.11.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/19. Besøksstrategi for Nærøyfjordområdet – høyring

Saksopplysing/vurdering:

Nærøyfjorden verneområdestyre har lagt fram ein plan for besøksstrategi for verneområda. Denne ligg ute på høyring, med høyningsfrist 11. november.

Planen finn ein på heimesida til Nærøyfjorden verneområdestyre.

Høyningsbrevet datert 23.9.19 ligg ved. Fjellstyret har fått utsett fristen til etter fjellstyremøtet den 18.

Føremålet med besøksstrategien er å sikra at verneverdiane i området vert tekne vare på, samstundes som ein legg til rette for aktiv landbruksdrift og friluftsliv. Det skal leggjast vekt på ei betre oppleving for dei som besøkjer verneområda.

Fjellstyret er ein viktig aktør i to av verneområda; Nordheimsdalen naturreservat og Bleia-Storebotnen landskapsvernombånd. Heile Nordheimsdalen naturreservat ligg innanfor Aurland nordre statsallmenning. Størstedelen av Bleia – Storebotnen landskapsvernombånd ligg og innanfor denne allmenningen.

Det er svært lite i besøksstrategien som har med Nordheimsdalen eller fjellområda i Aurland nordre statsallmenning å gjera. Ved gjennomlesing av planen, finn eg desse omtalane:

s. 40, Tilrettelegging for enkelt friluftsliv: Eit underpunkt her er å laga ein plan for stiane i Nordheimsdalen.

s. 43, I desse områda skal ein unngå ny tilrettelegging: Nordheimsdalen og Bleia – Storebotnen er nemnde som to av sju slike område.

s. 50, Tiltaksplan: Eitt tiltak som er nemnt her, er å laga ein plan for stiane i Nordheimsdalen.

Aktuell bruk av Nordheimsdalen og Storebotnområdet

Etter at skogsdrifta tok slutt på 1970-talet, og stølsdrifta og beitebruken likeeins 15-20 år seinare, er det stort sett i samband med jakt, fiske og turgåing at desse områda har vorte brukte. Fjellstyrehytta i Storebotn og allmenningsstyret si hytte i Brendelid har for mange vore utgangspunkt for slike aktivitetar. Etter at hytta ved sagi, som ligg nesten nede ved fjorden, vart restaurert for nokre år sidan, har denne òg vorte brukt ein del – men då mest av ei anna brukargruppe enn dei

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.11.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/19, side 2.

som er nemnde ovanfor; fleire og fleire padlarar på fjorden finn fram til denne hytta.

Meir omfattande bruk av hytta enn ein hadde sett føre seg, gjer at trongen for bygging av ein utedo ved hytta (eller på kaisida av elva) melder seg, for å unngå tilgrisinga som utviklar seg. No i sommar fekk fjelloppsynet melding frå ein hytteeigar på båttur som hadde kome over eit restane av eit bål utanfor denne hytta, der det enno var fyr etter at folk hadde forlate hytta. Dette var i den turraste perioden i juli, med stor skogbrannfare. Etter dette, vart det sett opp oppslag med varsel om skogbrannfare og informasjon om forbodet mot å fyra opp bål. Særleg i dette dalføret, med mykje fureskog på turr mark, er brannfaren noko ein må vera obs på.

Gjennom ein avtale med allmenningsstyret for Nordheimsdalen, inngådd i 2008, disponerer fjellstyret allmenningsstyret sine to hytter i dalen, mot å halda desse vedlike Dei som brukar hyttene betalar ein sum per overnatting, for tida 100 kroner. Avtalen med allmenningsstyret omfattar og kaien og bruene i dalen. Etter initiativ frå fjellstyret, har hytter, stall, bruer og kai vorte sette i stand dei siste 20 åra. Finansieringa har skjedd m.a. med hjelp av tilskot frå vernestyresmaktene, SNO og grunneigarfondet til Statskog.

Mindre bruk av dalen i samband med skogsdrift og støls- og beitebruk gjer at kløvjavegen frå sjøen og opp til stølane Øygarden og Nordheimsdalen ikkje vert halden vedlike slik han vart i tidlegare tider. Denne vegen er sentral i all bruk av dalen. Utan denne, er det ikkje lett å koma seg til fjells gjennom dalen. Vindfelte tre og attgroing med ungskog gjer vegen mindre framkomeleg og vanskeleg å sjå på nokre plassar, særleg kring Øygarden og vidare oppover. Å få laga ein ein plan for vedlikehaldet av denne vegen, medrekna kai og bruer, vil såleis vera eit bra tiltak – særleg dersom ein gjennom ein slik plan kan gjera det lettare å få økonomisk medverknad frå statleg hald til ymse tiltak. Fjellstyret arbeider med ein skjøtselsplan for dei anlegga som fjellstyret disponerer på allemanningsstyret sine vegner. Denne vil kunna vera eit godt utgangspunkt for ein slik plan som er nemnt i besøksstrategien.

Elles kan ein vel vera samd i at både Nordheimsdalen og Bleia-Storebotnen i planen vert kategorisert som område utan større tilrettelegging

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.11.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/19, side 3.

Framlegg til uttale

Fjellstyret er samd i at verneområda Nordheimsdalen og Bleia – Storebotnen i besøksstrategien vert lagde inn som område utan større tilrettelegging. Likevel er det viktig å vedlikehalda den infrastrukturen som finst, i form av tidlegare driftsvegar, bruer og kai. Desse anlegga er viktige for alle som ynskjer å bruka områda, for at ein i det heile skal koma seg fram. I tiltaksplanen bør det difor stå: «Det skal lagast ein plan for vedlikehald av stiar, bruer og kai i Nordheimsdalen.»

Faren for skogbrann ved uforsiktig fyring av bål av besökande i Nordheimsdalen er noko ein må vera merksam på, og gjerne ta med i besøksstrategien.

Fjellstyrekontoret, den 8.11.19

Harald Skjerdal